



# Stord Undervannsklubb

## *Årsmelding 2019*



## Styret for 2019

Leiar: Ida Helene Hvitsand

Nestleiar: Lars Haugland Almås

1. Styremedlem: Cecilie Tveit Mehammer
2. Styremedlem: Reidar Kvalvik
3. Styremedlem: Severin Sørli Birkeland

1. Varamedlem: Atle Barsnes
2. Varamedlem: Bjørn Eilertsen

## Valkomite

Leiar: Jarle Jæger

Medlem: Bjørn Birkeland

Varamedlem: Kristoffer Danielsen

## Revisorar

Inge Utbjøe

Martin Hamre

## Klubben sine utval og undergrupper

### Økonomiansvarlege

Ida Helene Hvitsand (Leiar) og Atle Barsnes (kasserar), samt styret

### Sekretær

Severin Sørli Birkeland

### Båtansvarlege

RIB'en: Reidar Kvalvik

Kobben: Bjørn Eilertsen

### Fridykkargruppa

Kristoffer Danielsen, Lars Haugland Almås, Tobias Hukset og Ida Helene Hvitsand



## Kurs- og sikkerhetsgruppa

Atle Barsnes, og Bjørn Eilertsen

## IT-Ansvarlig

Ida Helene Hvitsand

## Kodeansvarlege

Bjørn Eilertsen og Reidar Kvalvik

## Utstyrsansvarleg

Lars Haugland Almås

## Heimeside og Facebook

Ida Helene Hvitsand, Lars Haugland Almås, Kristoffer Danielsen

## Medlemmar i 2019

Maximedlem: 30

Hovudmedlem: 8

Barn- og ungdomsmedlemmar: 34

Æresmedlemmar: 4

Ubetalte medlemskap: 7

**Totalt medlemstal: 83**



# Styrets beretning for 2019

## Møtevirksomhet

Gjennom året har styret hatt 8 styremøter, 3 arbeidsmøter, 1 aksjonærmøte VA og 1 revisormøte. I tilknytning til ulike aksjonar og hendingar, drøfting av bassengtider, og undersøking/sondering av alternative nye klubblokale. I tillegg har vore nokre møter med Stord Hamnevesen vedr. ryddeaksjon.

## Medlemsmøter

Det har vore halde eitt medlemsmøte i 2019, med klubben sin status som tema. Det ble satt fokus på kompressor og flaskebank, klubbture og kurs. Dessuten oppsummerte ein tiltaket med stort utendørsbasseng knytta til arrangementet «Folk i Sentrum»! Møtet blei avrunda med sosialt samvær.

## Utsendingar

Lars Haugland Almås var på Norges Dykkeforbund sitt instruktørmøte i Ålesund i mars.

Ida Helene Hvitsand representerte samtidig klubben på leder- og instruktørmøte i Ålesund.

Atle Barsnes har også i 2019 vore leiar av NDF sitt lovutval.

## Dykketurar

Dei arrangerte dykketurane har hatt god oppslutnad! Turane har hatt godt deltaking av både apparatdykkarar og fridykkarar.

Turane våre har for det meste vore lagt til nærområda rundt Stord, men også til litt «fjerne» dykkeområder i Sunnhordland som f. eks. Hidle / Ytsøysundet der vraket av Lyn ligg. Dessutan har vi freista å få til torsdagsdykk.

Når det vert annonsert klubbture, vert dette varsla i hovudsak med SMS utsending og på Facebook sida. Turar som vert planlagde i god tid («terminfesta turar»), vert dessutan lagt ut på heimesida vår.



## Arrangement

Tradisjonen tru stilte klubben opp i Borgartorget i Leirvik sentrum på 17. mai. Oppmøtet var bra, og Fylkesnes bil hjalp oss, slik at Riben kunne vera med i år også.

Til arrangementet «Folk i Sentrum» stilte me opp med Vikjo sin største stand i form av eit gedigent utebasseng.



Her fekk folk prøve fridykking og apparatdykking, det blei solgt mengder av lappar, pølser og anna, til publikum si store begeistring.

Vi hadde to representantar med på ryddeaksjonen til dykkeklubben Slettå i Valevåg, og to representantar med på ryddeaksjonen på Bømlø.



## Dugnadsarbeid

Stord Undervannsklubb har innrapportert totalt 26 teiner og fiskereiskap i 2019. Styret oppfordrar medlemmane våre til å ta opp og rapportere funn av teiner under dykking. Rapport på eige skjema til NDF, gjer penger til klubben. Løfteballongar ligg i Kobben (om ein treng), og klubbstyret hjelper til med skjemaet.

## Klubblokale

Me har framleis avtale med Eldøy Sjøsportssenter om leiga av rom til kompressor og flaskebank, og disponerer også møterommet når vi treng det. Møterommet har vore nytta ein gong i 2019.

Styret jobbar med alternativt klubbhus på Eldøyane, og har vore i kontakt med sakshandsamar og sakkyndige i idrettsapparatet, kommunen og i bankar vedrørande planlegging og finansieringsplanar. Dette arbeidet er ikkje gjort på «ein dag».

Samstundes har me god kontakt med Eldøy Sjøsportssenter om å kunne disponera ein større andel av huset for å utvide arealet til klubben. Her er det ein intensjon om å utvide tilbodet til klubben sine medlemmar med skyllekar, møteareale og lagringsmoglegheiter.

I mellomtida har me innimellom vore heldige å få låna lokale på nye Stord Ungdomsskule og hos Sport1 på Heiane til styremøter, diverse arbeidsmøter og til årsmøte.

## Kompressoren / Flaskebanken

Kompressoren fungerer fint det har vært 196 luftfyllingar i 2019. Det er ein nedgang frå 2018 då vi hadde 244 luftfyllingar. Klubbflaskene vart trykktesta i februar 2019.

**NB!** Hugs å sette på kompressoren etter at du har fylt, slik at det er toppa flaskebank til den neste som skal fylle.



## Båtane

Kobben har vore tilgjengeleg heile året og har vore brukt til klubbturnar. Den fungerer veldig bra som base for dykkeaktivitetane.

Rib'en var på land i anledning 17.mai toget og fekk då ny bunnsmøring og vask. Grunna ekstra mengder regn i haust, blei Rib'en fylt med vatn i dobbeltskroget. Etter den hendinga vart batteriet sjekka og hovudstraumbrytaren bytta. Grunna dette må Rib'en opp i 2020 for å få utvida vedlikehald.



Styret oppfordrar medlemmane til å bruka båtane meir, slik at fleire ser til båtane oftare. Hugs båtførarbevis og opplæring i bruken av båtane.

## Kommunikasjon

Heimesida til klubben, [www.stordundervannsklubb.com](http://www.stordundervannsklubb.com) får gjevnlig vedlikehald og oppdateringar. På sida vert det lagt ut viktig informasjon, ein del interessante nyhende og planlagde arrangement. Ser du etter kontaktopplysningar, lovane våre, årsmeldingar m.m., finn du dei her.

Klubben har hatt to sider på Facebook; den gamle gruppe-sida har blitt omdøpt til "Gruppa for Stord Undervannsklubb", dei to sidene vil inntil vidare vera tilgjengeleg.

## Fridykkargruppa

Instruktørane for fridykkergruppa i 2019 har vore Kristoffer Danielsen, Lars Haugland Almås, Ida Helene Hvitsand, Mathias Matre og Tobias Hukset. Treningane har vore kvar måndag i skuleruta frå 19:00 til 22:00 tilsaman 37 måndagar. frå 21:00-22:00 har me spelt undervannsrugby og hatt eigentrening.

På treningane har me jobba med diverse dykketeknikkar, og for nye medlemmar har me hatt litt grunnleggande øvingar. Me trenar også litt på kondisjon og styrke i bassengøvingane. Øvingar i førstehjelp vert også gjennomført med jamne mellomrom.

Fridykkergruppa disponerer 10 komplette utstyrspakkar som medlemmane kan låna på turar og ved behov. Klubben har to CMAS-godkjendte fridykkerinstruktørar.

Etter Folk i Sentrum -arrangementet med basseng frå NDF, auka medlemstalet blant fridykkerane godt.



## Kursavdeling

Lars Haugland Almås har i løpet av 2018-2019 gjennomført instruktørkurs i apparatdykking. I sammenheng med dette blei det avvikla eit CMAS\*-kurs med 4 deltakarar. Klubben har nå to godkjende CMAS apparatdykkerinstruktører. Styret har planar om fleire kurs i 2020.

## Økonomi

Økonomien har i heile 2019 vore god og stabil. Vi auka totalbeholdningen av disponible midlar med 19.198,10 kr i frå 1. januar til 31. desember. Samla bankinnskott, kontantar og liknande utgjorde ved årsslutt 167.493,89 kr. Vi har "låst" 100.000,- kr til høgrentekonto i løpet av 2019, for å styrke grunnlagskapitalen i komande større klubbprosjekt.

I tillegg reknar vi å ha ca. 184.000 kr i form av egedelar bundne opp i 2 båt plassar på tilsaman ca. 171.440 kr, og samla aksjepostar i Vest Atlantis AS på 12.500 kr.

Båtane våre, "Kobben" og "Ribben", samt kompressoren og litt dykkeutstyr, er ikkje rekna inn i årsresultatet. Avtalte forsikringssummar utgjorde likevel 400.000 kr for båtmateriellet og ca. 260.000 kr for maskiner og egedelar knytt til lokala i Eldøy Nærinspark.

Totalt blir eigenkapitalen vår ved utgangen av 2019 rekna til ca. 350.000,- kroner.

Stord Undervannsklubb vil oppfordra alle medlemmer som brukar Norsk Tipping til å registrera Stord Undervannsklubb som mottakar av Grasrotandelen sin.

## Dykk sikkert, dykk i klubbregi!

Styret ser tilbake på eit dykkerikt år, med god aktivitet. Det har ikkje dukka opp uforutsette saker som styret har måtta handtert. Det har heller ikkje vore meldt inn uønska hendingar i forbindelse med dykking i klubben sin regi, eller ved privat dykking blant medlemmene.

Miljøet og samhaldet mellom dei aktive medlemmene oppfattast som godt.

Styret takkar alle som er med på å driva klubben framover, gjennom dugnadsinnsats, handtering av ansvarsoppgåver og generell hjelp og støtte!

Dykkehelsing frå Styret i Stord Undervannsklubb.



Leiar: Ida Helene Hvitsand

27.02.2020 *Ida Helene Hvitsand*

Dato/sig. ....

Nestleiar: Lars Haugland Almås

27.02.20 *Lars H Almås*

Dato/sig. ....

1. Styremedl: Cecilie T Mehammer

Dato/sig. ....

2. Styremedl: Reidar Kvalvik

Dato/sig. ....

3. Styremedl: Severin S. Birkeland

Dato/sig. ....

1. Varamedl.: Atle Barsnes

Dato/sig. ....

2. Varamedl: Bjørn Eilertsen

Dato/sig. ....

